



# PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 63. ÅRGANG, 2024



## PÅ KYRKJEVET

Kyrkjeblad for Øystre Slidre  
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.  
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,  
Gunvor Hegge, Marit Hegde og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Hegge sokn.  
I neste nummer vil vi fokusere på Rogne sokn. Kom  
gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:

17. januar 2025

Framside: Glasmåleriet i Lyskapellet.

Foto: Saskia Aleida Van Veen

## DEN NORSKE KYRKJA

### ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,  
2940 Heggenes

E-post: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

### MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

### SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser

Kyrkjeterar: Jon Gunnar Solhaug

Reinhaldar: Synnøve Rødningen

Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal

Kyrkjeterar: Svein Hegge

Reinhaldar: Svein Hegge

Soknerådsleiar: Solveig Hårdnes

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum

Kyrkjeterar: Harald Melby

Reinhaldar: Harald Melby

Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum

Kyrkjeterar: Natalie Regine Lien

Reinhaldar: Natalie Regine Lien

Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

## SOKNEPRESTEN HAR ORDET

### Ein prest kryssar sitt leikne spor



Første juledag les vi kvart år frå Ordtaka om leiken; om «Visdomen som (...) var byggmeister hos Han. Eg var til glede for Han dag etter dag og leika meg støtt for hans andlet. Eg leika på hans vide jord og gledde meg med menneska.» Teologen Løgstrup har lansert omgrepene «Spontane livsytringar»; dette spontane livet som Gud på nytt og på nytt skapar og viser seg i. Leiken trivst kanskje best blant ungar, og ganske i tråd med sitt vesen kom Gud til verda som eit lite barn.

Då eg vart prest for 22 år sidan, hadde eg eit halvt liv bak meg med mykje leik. Barneleik, eigen leik på scena i revyar og kor-kabaretar, mykje humor i familien, for å nemne noko. Eg var også aldri så lite i opposisjon til streng, transynt «kristeleghet» som eg opplevde som livsøydeleggjande.

Eg har vore heldig med å få vera prest i Øystre Slidre. Her har mange høve lagt til rette for mykje leik. Anne Nora, den gong kyrkjeverje, sette leiken i høgsetet. Som fjellprest fekk eg mange høve til å vera kreativ. I samarbeid med Magne Olav og andre musikkrefreter laga vi framføringar om stavkyrkja og om kristneteppet. Eg fekk utforske, ja, leike meg med Lyskapellet, og ordne ein stolspoesti på Beitostølen. I tida mi som prest kom det både ressursar til - og etterspørsel etter opplegg for ungar. Skulen skulle ikkje lenger sørge for den kristne oppseding slik vi kjende henne, og eit stort rom å utfalde seg i var opna for oss i kyrkja.

Det er slik glede og skaparkraft i leiken, og han sprengjer grenser! Livet gjer alltid det; veks seg utover grensene sine. Men det er også ein motstand her. Grenser er trygt også, ikkje minst når vi er i krisje; når grunnen vi står på skakar, treng vi det kjende og trygge. Kyrkja er ofte den som gjev denne tryggleiken; når vi har mista nokon, eller står med eit nytt liv i hendene. Difor kjenner eg nok av og til på at det er ikkje alltid det lettaste å vera leiken som prest eller kyrkje.



Det er ein kunst, ein balanse Kunst, å vera kyrkje. Vi kan falle i grøfta og bli rigide og daude, eller utan fast tryggleik. Eg tenkjer at mykje handlar om evna til å møte menneske ope og trygt. Eg vonar kyrkja i Øystre alltid vil vera som eit stort, trygt levande tre, som står der så ein kan lene seg inntil, som stadig kjem med nye mjukle, grøne blad til glede og kraft for seg sjølv og dei som lener seg inntil. Verre er det heller ikkje å vera prest eller kyrkje i Øystre Slidre.

Barnebarn Emil tek ein pause i leiken.



### Håp i ei uroleg verd

AV: BISKOP OLE KRISTIAN BONDEN

FOTO: LARS MARTIN BØE

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i», song ein stor himmelhær over verda julenatt, og over det vesle barnet i kribba.

«Å sjå det store i det små» har vorte eit uttrykk for oss og på mange måtar ein klisjé. Men klisjéar inneheld ofte ei sanning. Og er det noko eg har vorte mint på når eg har reist rundt i heile bispedømmet, er det nettopp å sjå det store i det små. I møte med menneske sine liv og lengsler, og behov for tryggleik og fellesskap lokalt, rører vi ved liv, lengsler og behov i verda. I møte med sorgjande som har mist ein av sine kjære, eller i møte med nybakte foreldre, vekkjest kjærleiken og omsorga som er universell. Granskar vi mikroorganismar i naturen, eller gler oss over ei bie eller ein blome, får vi samstundes ein glimt av mysteriet i universet og heile det uendelige kosmos. Eg har lært å sjå det store i det små, fordi Gud kom til verda i eit lite barn. Fordi Gud let seg fødst til jorda. Ordet som vart menneske. Kan du sjå det store i det små?

Ordet skapte lyset den morgenon Gud sa: «Det skal bli lys!» Og det vart lys!



Måla panel fra Skjåk kyrkje Foto: Stefen Laursen

Dette Ordet blir fødd på ny og blir lys som skin i mørkeret, ja, som skin for kvart menneske. Slik opnar evangeliet til Johannes. I kunsten kjem dette til synet gjennom måleri av Jesu fødsel. Det finst ikkje lys i stallen. Lyset i måleriet strålar ut frå barnet. Og det er dette lyset som skin på alle dei andre i stallen,

på stolte og slitne foreldre, på fattige og litt forskremde gjetarar, på dyr og detaljar i rommet. Det lyser på alt det skapte og skapar ei ny verkelegheit. Slik tolkar kunsten den verkelegheita som vart skapt i Jesu fødsel og i Guds kome til verda. «Det som vart til i han, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det».

Jula kjem med ei gavet til oss alle. Den kan verke lita og ubetydeleg. Berre ord? – ei forteljing om ein fødsel? Men Jesus skapar ein skilnad. Juleevangeliet gir oss eit bilet til festet håpet til.

Ser vi det store i det små? Nå som verda feirer jul igjen, møtest vi av evangeliet om nåde, håp og glede. Vågar vitru det, som gjetarane på markene? Når vi tener lysa, syng og samlast og et – i kyrkje-rommet og i alle andre rom i høgtida. Over heile verda, der kontrastane er så store at dei nesten ikkje er til å halde ut, og når verkelegheita slår imot oss, ligg det ei bøn og eit levande håp i julefeiringa vår. Et lys som skin i mørkret. I Ordet som skapar lyset og livet.

I Gud som kjem – får vi også tru.

JULEEVANGELIET: - I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei kribbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redd! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei

glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei kribbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendl, det som Herren har kunnjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i kribba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gjøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisar Gud for alt dei hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dei.





## Verdien av å møte dei store forteljingane med alle sansar

**V**i møtest i låg haustsol utanfor Lidar skule, Tonje Håsvik og eg. Eg vart først kjend med henne fordi ho har hytte i Beito og kom til Den gylne time i Lyskapellet. No bur ho her og arbeider 70 % som lærar på Lidar skule, samstundes som ho les til eksamen i profesjonsstudiet i teologi. Ho er allmennlærar i utgangspunktet, og har arbeidd i mange år i offentleg skule før ho og mannen starta, dreiv og eigde Montessoriskulen i Halden. Eg har hørt litt om og er fascinert av Montessoripedagogikk og har bede med meg Tonje for å høre korleis ho ville lage eit opplegg rundt Juleevangeliet.

Ho ser at eg ikkje har blokk og penn og kommenterer at eg må hugse godt. Eg medgir at samtala slik ho fortunar seg for leseren nok må bli noko oppsummering, men det er og slik at vegen og bakkane beina går og landskapet augene ser både er inspirasjon til samtala og knaggar for hugsen.

Tonje fortel at ho ville ta med seg ungane ut, gjerne ned til uteplassen Lidar skule har nede i skogen. Og dit tek vi beina fatt. Å koma seg ut er sentralt for mykje i Montessoripedagogikken. På veg ned til uteplassen får eg ei kjapp innføring i kva den går ut på, mellom anna kor viktig det er å lære ved å sanse og delta. Eg må skyte inn kor tydeleg det har vorte for meg i kyrkja og; som eg seier om og om igjen; å tru er ikkje primært å stå for noko eller tru at eit postulat er sant eller ikkje. Det er å gjere seg erfaringar som verkar både på deg sjølv og det du trur på; om du trur på kjærleiken må du satse på han, og da vil du kan hende vera med og bevise at han finst.

- Bak det heile står den italienske legen Maria Montessori, held Tonje fram. Ho var katolikk, og vi kan kjenne igjen Jesus som seier at vi må alle bli som barn i hennar fokus på at barn sjølv har i seg driven til å lære, i fokuset på at læring skjer best på deira eigne premissar, og at barn lærer gjennom å vera barn; leike, sanse, bevege seg, oppleve. Men Montessoriskulen er ikkje spesielt knytt til ein religion. Maria Montessori var òg i India og vart veldig inspirert av Gandhi sine fredstankar; tanken om at fredsarbeidet må starte med oss sjølv, at fred i kvar enkelt av oss bidreg til å skape fred i verda, og at fred er noko ein må ta vare på alt i møte med barn.

Vi går i utkanten av jordet nedover, og Tonje fortel om dei store forteljingane om livet som ein i Montessoriskulen startar kvart skuleår med. Maria Montessori skapte 5 store forteljingar for å gje inntrykk av heilskapen. Dei tek for seg opphavet til universet, utviklinga av livet, historia om mennesket og historia til skrivekunsten/alfabetet og til tala. Forteljingane opnar opp resten av faga, og inviterer til utforsking og arbeid alt etter interesser og kor modne elevane er. Vi dvelte og litt ved kva det gjer med ein å ha slike overordna paraplyforteljingar over det ein driv med.

- Ja, for ho skapte på ein måte fem mytar om kunnskap og læring? spør eg.

- Ja, ein kan kanskje kalle det for det.

- Det er mest som dei store forteljingane våre ved jul-, påske- og pinse-tider, tenker eg; desse som kjem att år etter år og set sitt preg på oss og samfunnet rundt oss, skapar fellesskap og hjelper oss til å løfte blikket litt.

Vi er komne ned til uteplassen; han ligg vakkert rima i den gylne sola som er på tur ned bak åsen.

- Korleis ville du så legge opp ei arbeids/undervisnings-økt rundt Juleevangeliet? spør eg. Kva tenker du det gjer med ungane at dei har gått ned hit?

- Det betyr mykje at dei går, dei kjenner og erfarer i kroppen.

- Ja, og i Juleevangeliet gjekk jo alle vi høyrer om, skyt eg inn.

- Kan hende ville eg lage ei krybbe, kan hende berre gjenfortelje forteljinga, gjerne litt nakent og vart. Etter kvart ville vi gå opp igjen på skulen, og der ville det vera lagt til rette for mykje forskjellig arbeid med forteljinga. Nokon ville kanskje ta tak i at dei sjølle er født, har vore inne i ein mage. Vi kunne ha bøker om fødsel. Nokon ville jobbe med dyra, vi måtte ha tilgjengeleg bøker om dyr, dyrefigurar. Nokon ville arbeide med matematikk; rekne ut kor langt Maria og Josef reiste, kor lang tid det tok, kor lenge ei mor er gravid. Kan hende kom spørsmålet om jomfrufødsel opp, og vi ville få heilt andre spørsmål å bale med.

- Men kan hende er spørsmålet det rettaste, må eg skyte inn; det opnar for undring, noko eg tenker er sprekrafta i desse forteljingane. Svara våre let ofte att det som er ope, og i høve til storleikar som Gud, er det kanskje mest høveleg at vi forhold oss undrande.

- Andre spørsmål kan vera: Kven og kor mange som var samla der for å skrive seg i manntal; kor mykje dei måtte betale i skatt til keisaren. Nokon kunne lurt på dette med stjerna, stjernehimmelen, kor ho kom frå. Nokon ville kanskje ta tak i at Jesusbarnet var fredsfyrsten og arbeide meir filosofisk, sjå på fredsarbeidet. Kva ungane ville gripe tak i, er avhengig av interesse og modningsnivå, og eg ville arbeide tverrfagleg. Dei boksane vi ofte set på skulekveldagen, ville stenge for den trongen ungane har til å utforske.

- Denne måten å arbeide på tek veldig høgde for at vi er forskjellige; tenker og lærer forskjellig. Nokre er meir konkrete, andre treng biletet for å gje tankane rom. Det er slik sett dei same utfordringane vi har som kyrkje også; å la folk eige forteljingane på sin måte.

- Eit siste spørsmål før vi skiljest: Kva er det viktigaste for deg ved Montessoripedagogikken? Kor bankar hjartet sterkest?

- To ting; synet på barnet og den evna det har til å lære på eigne premiss utan fokus på rett og feil - og fredstanken.

Ikkje nokor dum hjartesak å ta med seg inn i jula, tenker eg då vi går kvar til vårt.

## MIN SALME

### Fagert er landet

"Fagert er landet" er ein vakker salme skrive av Anders Hovden i 1907.

Den er kjend for si sterke tilknytning til norsk natur og nasjonalkjensle.

1. Vakker natur: Salmen opnar med ei skildring av det vakre landskapet i Noreg, som stig opp frå det blå havet.

2. Tida som går og forandring: Hovden reflekterer over tida som går, og samanliknar det med ei elv som renn mot os.

3. Arbeid og velsigning: Salmen ber om Guds velsigning over folket sitt arbeid og strev.

4. Gud som vernar: Hovden ber om at Gud skal verne landet frå fjell til fjord og lære folket å gå på Hans vegar.

5. Patriotisme: Salmen er også eit uttrykk for patriotisme, skrive kort tid etter unionsoppløysinga med Sverige. Den kombinerer kjærleiken til landet med ei sterk kristentru, noko som var vanleg på denne tida.



"Fagert er landet" blir ofte framført på nasjonaldagen 17. mai og ved andre nasjonale anledningar, og den har ein spesiell plass i mange nordmenn sine hjarto.

- frå Hegge Sokn ved soknesrådsleiar Ole Martin Alfstad

Fagert er landet du oss gav,  
Herre, vår Gud og vår Fader!  
Fagert det stig av blåe hav,  
soli ho sprett og ho glader,  
signar vårt land i nord og sud;  
såleis di åsyn lyser, Gud,  
over vårt Noreg i nåde.

Likjest vårt folk i mager jord  
skjelvande blomen på böen,  
står utan lív i vind frå nord  
tett innmed kanten av snøen.  
Herre, du ser med miskunn ned,  
folket vårt gjev du lív og fred,  
er oss så kjærleg ein Fader.

Her ned i grunnen sveitten rann  
trufast åt fedrane våre.  
Her dei sin heim og hugnad fann,  
dogga med smil og med tåre.  
Her har det flødt ei såkornflod  
varm av vårt beste hjartebloed,  
her har me grorbotn å veksa.

Tidi ho renn som elv mot os,  
fort skifter sumar med vetter.  
Fader, ver alltid Noregs los  
radt til dei seinaste ætter!  
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,  
varda vårt land frå fjell til flud,  
lær oss å gå dine vegar!

Signa då, Gud, vårt folk og land,  
signa vårt strev og vår møde,  
signa kvar ærleg arbeidshand,  
signa vår åker med grøde!  
Gud, utan deg den vesle urt  
veiknar og visnar, bleiknar bort,  
ver du oss ljoset og livet!

NOS 759

# Samtaler om juletradisjonar



SAMTALE MED  
**SABREEN AL-BALILI**  
TEKST & FOTO: MARIT HEGDE

## VI TREFFEST EIN DISIG, REGNFULL

**FREDAG.** «La oss gå på biblioteket», seier Sabreen. Der er ho godt kjend.

Vi skal snakke om jula – sett litt utanfrå.

Sabreen er frå Syria, har budd lenge i Jordan og kom til Noreg for vel fire år sidan. Ho vaks opp i ein familie med ti ungar. Ho vart sjølv gift og etter kvart mor, no er ho enkje. Mange kjenner henne som mor til to gutter på Rogne skule, og som 17. mai-talar på Tingvang i år. I heimlandet hennar er det både muslimar, kristne og jødar, så ho er kjend med jula frå tidligare.

Ho har ei god venninne som er kristen, og heime hjå henne vart ho overvelta over pyntinga. I stua hennar sto eit digert tre, heilt overlessa med pynt av alle slag,

kuler, sukkerstenger, figurar og glitter i mengder. «At du vil bruke så mykje pengar på slik pynt!», hadde ho spurt. Ja, dette var ei stor glede for venninna. I den muslimske høgtidsfeiringa, Id, er det familiefesten som er viktigast. Her i Noreg synest ho også at pyntinga av trea med lys i hagane til folk og på plassar ute, er det som er mest karakteristisk ved vår feiring, det som er lettast å legge merke til. — «Og hvordan kan dere vite at Jesus vart fødd akkurat den dagen?» Ho hadde ikkje tenkt over at tidsrekninga vår har med Jesu fødsel å gjera.

Når familien hennar feira Id, møttest heile storfamilien til bønn ved moskéen klokka fem om morgonen. Etterpå var dei saman heile dagen hos den eldste i familien, laga mat saman, gjorde ting saman og hadde det kosleg. Ho synest ikkje det er så viktig kva for ein religion eller tru folk har, det spør ho aldri om når ho møter folk. Det viktige er at vi er gode mot kvarandre og respekterer kvarandre, same kva vi står for.

Så fekk vi likevel ein samtale om tru og høgtider, ikkje berre om jula, fordi vi opna for det. Det var både hyggeleg og interessant. Vi kjem nærmare kvarandre når vi opnar hjarto våre, for trua finnst der inne hjå dei fleste.



SAMTALE MED  
**AUD-KARIN HOVI**  
TEKST: MARIT HEGDE  
FOTO: PRIVAT

## AUD-KARIN HAR VAKSE OPP PÅ GARD

**GARD** og kjenner godt jula frå gamle dagar då omsynet til dyra gjekk først.

Ho har også feira jul i Etiopia, ortodoks jul. Der har dei faste heile adventstida, dei et kun om natta, og kun vegansk mat, ikkje kjøt. Natt til 1. juledag møttest alle i kyrkja, startar med nattverd – og fasten blir broten. Dei syng og dansar i kyrkja etter livlege trommekvervarar.

Etter eit lett måltid går alle heim og sov litt, og etter det startar den verkelege festen, der alle har ope hus med

rikeleg med mat for slekt, venner, naboor – heimlause, og folk med lite mat. Det er ope hus for alle som vil koma og få mat og vere med på festen. Både muslimar og kristne er like velkomne – og kjem. Dei gjev ikkje gåver i særleg grad, poenget er festen, musikken, dansen, maten og det å vere saman.

Etiopiske venner på besøk i Noreg i jula er veldig forundra over den lukka feiringa vi har her, der ingen folk er ute, gatene og vegane er heilt stille, så festen vår er på ein måte usynleg for andre.

Ho har også opplevd jul i Sør-Korea. Der har dei nokså kort kristen tradisjon. Om lag 20% av befolkninga er kristne. 1. juledag er det open kyrkje heile dagen, då samlar dei seg og der held dei til mest heile dagen med mat og drikke, sang og dans.

Det er ein fin tradisjon, synest Aud-Karin. Så ho håpar å samle både familie og vener rundt bordet på garden juleaftan.



SAMTALE MED  
**ANNA MELBY**  
TEKST: GUNVOR HEGGE  
FOTO: PRIVAT

## ANNA (F. 1997) VAKS OPP PÅ SKOGO I SKAMMESTEIN

og bur no i Bergen der ho trivst svært godt. «Ein føler seg heime her trass i at ein er tilflyttar», seier ho. Etter fullførte studiar i USA jobbar ho no i Sparebanken Vest. På spørsmål om korleis jula var i hennar barndom, fortel ho:

- Vi feira alltid jul heime i Valdres med sysken og foreldre. Eg kjem frå ein stor familie, så det var alltid liv og røre, god mat og mykje pakkar. Det beste med feiringa då eg var lite, var alltid pakkane, samt Dronning Mauddessert som er ein tradisjon frå Vestlandet, molte-

krem og pinnekjøtt. På julemorgenon hadde eg alltid forventingar om at julestrømpa var fylt med godteri og at vi såg 3 nötter til Askepott. Vi hadde alle eit lite juletre kvar som vi pynta i tillegg til juletreet nede i stova som vi også pynta i lag.

- No som du er vaksen, kva betyr jul for deg?

Jula var favorithøgtida da eg var lite, og det er favoritt-tida på året for meg framleis. Eg ser fram til å sjå og samle alle syskena og tilbringe kvalitetstid med familien. No er det ikkje lenger ekte grantre i leilegheita. Eg nøyser meg med eit nydeleg plastikktre med mykje pynt, men då er det ekstra stas å koma heim til Valdres og lukte grantre i heile stova. Eg set pris på roa ein finn i jula saman med familien, og at ein tek seg tid til ein skitur i sola før kos framfor peisen heime. Det er mykje ein tek med seg frå barndomen inn i vaksen alder av tradisjonar, men viktigast av alt for meg er å samle menneska eg er glad i og tilbringe tid saman med dei. Det skadar ikkje med herleg pinnekjøtt og Dronning Maud-dessert heller!



eno. Riskrem med raud saus var dessert.

Vi åt og kosa oss der med kristneteppet for enden av bordet, og det var veldig til høgtid ved middagen når mor eller far las juleevangeliet før desserten.

På kvelden var det kaffi med litt småkaker, vi hadde 6-7 slag. Mor var ein meister til å bake, spesielt napoleonskake. Eitt år mor var litt skral på førehand og det spøkte for julebaksten, bad bror min «om ikkje anna; så prøv å få til napoleonskake!» Ja den butterdeigen hennar, den smelta i munnen.

Kva med juletreet? Ruth refererer ei venninne: «Ruth, veit du eg minnest så godt juletreet de hadde i Thon, det var det finaste treet i heile bygda!» «Det var vel ikkje finare enn det de hadde», svara Ruth. «Jau, de hadde spir i toppen av treet, i forskjellige fargar», svara venninna.

Litt pakkar var det og. Eg fekk gjerne eit kjole- eller bluse- stoff til jul, bror min fekk også skjorte eller stoff som mor sydde av. Eitt år fekk vi eggglas, eit lite i tre med flagg og hus på; det var så blankt og lakka, ja det var så vakkert og så gjævt. Det eggglaset har eg enno. Det skulle ikkje meir til for at vi vart så glade.

Ut på kvelden forsvant far for å føre hestane, men plutseleg banka det på døra og der kom nissen. Nissen hadde med seg litt appelsin og litt drops. Eg synest eg kan kjenne den smaken av appelsin enno; slik smakar ikkje appelsinane lenger. Då far kom inn att, fortalte bror min: «Du far, du skulle vore inne far, for det var ein nisse her!»

# Om konfirmandtida

AV: ELI VATN

Mykje er skjedd sidan allmugeskulen vart oppretta for at unge på veg inn i vaksenlivet skulle kunne lære å lese Bibelen, få med seg dei grunnleggjande verdiane formidla i Luthers vesle katekisme og bli konfirmert og bli ein vaksen, myndig borgar av det norske riket.

Den gongen var kyrkja det norske samfunnet sin formidlar av grunnleggjande verdiar og danning. I dette samspelet mellom kyrkja og samfunnet elles har både kyrkja og samfunnet utvikla demokratiet sitt og ikkje berre skulen, men òg dei andre sosiale institusjonane som tek vare på oss når vi treng det.

Etter kvart som demokratiet har utvikla seg og personleg tankefridom har blitt viktigare, har og vekta på personleg overtyding og standpunkt blitt tydelegare. Ein har i større og større grad byrja å snakke om religion som ei privat sak.

Og noko vil alltid vera det. Vår relasjon til Gud, tilliten, tankane våre og bønene våre vil alltid vera private og personlege. Samstundes er det heilt historielauast og spesielt å snakke om religion som berre privat; det er forteljingar, riter, kunst og bygningar som formidlar verdiar, etikk og lover, som bind oss saman i små lokale og store nasjonale fellesskap.

Dei fleste svarar *tradisjon* når eg spør kvifor dei vil konfirmere seg i kyrkja, og eg tenker at det er eit godt svar. Dei kviler i denne arven som har vore med og bygd landet vårt, og som ein som 14-15 åring gjennom konfirmasjonen får del i.

Nokon lurer på om dei må tru (kva no det er for noko) for å konfirmere seg i kyrkja. Det er som å tenkje at du må vite om du liker maten før du har fått smakt på han.

Nokre smakebitar frå konfirmandtundervisninga slik vi legg det opp.

Vi et. Anne Britt lagar ostesmørbrød til konfirmantane som kjem rett frå skulen, og vi et i



Kva er det å vera konfirmand?

lag. Deretter går vi inn i kyrkja. Konfirmandane får eit ark med ein rubrikk merka «dagens sukk», og ein merka «dagens takk». Dei kan legge seg ned i benken eller på ei anna vis få rom nok rundt seg for i nokre minutt berre vera seg sjølv utan å skulle forhaldla seg til alle dei andre. Dei blir bedne om å tenke gjennom dagen så langt; kva har vore trått og kva gruer dei seg til, og skrive det ned på «dagens sukk». Tilsvarande, kva som har vore godt, gitt glede eller som dei ser fram til og skrive det ned på «dagens takk». Arka gøymer dei i permen sin. Medan dei gjer dette, spelar Magne Olav på orgelet, musikk som stryk oss varleg medan vi får vera i fred med vårt. Vi avsluttar med at eg eller dei sjølle terner lys i lysgloben, og vi les Fadervår saman.

Deretter går vi tilbake til kyrkjestogo for litt meir tradisjonell undervisning: om Bibelen, Gud, Jesus, store tema som døden, kjærleiken Og ikkje minst, vi reiser på leir der dei får møte ei kyrkje med litt meir ungdommeleg fellesskap og preg enn ein gamal prest som eg evner å gje dei.



# Ny plan for kyrkjeleg undervisning og læring

AV: MARIANNE STRAUM

Kyrkja i Øystre Slidre driv eit variert og omfattande arbeid blant barn og unge som for det meste vil gå i same gode spor framover, men noko blir nytt.

I vår vart overordna del for ny «Plan for kyrkjeleg undervisning og læring» vedteke av Kyrkjemøtet. Kyrkjeleg undervisning og læring er det nye namnet på trusopplæring, og trusopplæraren skal ha tittelen kyrkjelydsarbeidar. Aktivitetar og tilbod erstattar omgrepet tiltak. I tillegg skal samisk kyrkjeliv innlemmast i planane, samt samarbeid mellom kyrkje og barnehage/skule (dette har det tidlegare vore eigne planar for). Framover skal vi ikkje berre ha aktivitetar og tilbod for aldersgruppa 0-18 år, men og tilbod

for vaksne.

Planen skal legge til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknad og skapande aktivitetar. Målgruppa er alle døpte og andre interesserte. Kyrkja sine tilbod og aktivitetar skal bidra til:

- at menneske som er døpte eller søker dåp skal få lære om og bli styrkt i den kristne trua
- at alle døpte og andre interesserte får auka kjennskap til og kunnskap om

tekstane i Bibelen, kristen tru i praksis og kultur og tradisjonar i kyrkja

- at born, unge og vaksne blir inspirert til engasjement for kyrkja og verda

«Alle menneske, uavhengig av funksjons-  
evne, kjønn, etnisitet, sosial status, leg-  
ning og identitet, skal sikrast likeverdige  
moglegheiter til å delta og finne kjelder  
til livskraft, glede og inspirasjon.»

Rammeplanar for aldersgruppene 0-5 år,  
6-12 år, 13-19 år, konfirmasjonstida, unge  
vaksne og vaksne skal behandles i 2026.  
Rammeplanane gir retning for utforming  
av dei lokale planane.

## Logo

Saskia Aleida Van Veen har utforma ein eigen logo for kyrkjeleg undervisning og læring for dei minste her i Øystre Slidre, som vi er svært nøgde med! Den brukar vi på invitasjonar og andre trykksaker.



## Kurs i kristendom for vaksne

Velkommen til kristendomscurso. Fyrste samling i Rogne kyrkjestogo 7. januar 2025 kl. 18.00 – 20.00. Under siste årsmøtet i Rogne sokn vart det spurta etter kurs i kristendom. Vi startar friskt på nyåret 2025. Sjølv om spørsmålet kom frå Rogne sokn er kurset for alle sokn. Vi går gjennom boka Kristen tru oppdatert av Nyhus & Nyhus, samtaler og et saman. Vi legg opp til 6 samlingar i vår. I utgangspunktet på tysdagkveldar. Nærare plan kjem vi attende til.

Påmelding til sokneprest Eli Vatn tlf. 99129976 e-post ev869@kyrkja.no. Vi treng å bestille bøker, så det er greitt å få påmelding innan 20. desember.

- Eli Vatn og Marianne Straum



# Hegge kyrkjegard

TEKST: OVE EKEBAKKE FOTO: SASKIA ALEIDA VAN VEEN



Hegge kyrkjegard som omkransar den gamle stavkyrkja frå rundt 1216, er ein fredfull stad med djupe historiske røter. Kyrkja er første gong nemnd i skriftlege kjelder i 1327. Ho har gjennomgått fleire ombyggingar og restaureringar, spesielt på 1800-talet og i 1924, då arkitekt Arnstein Arneberg leia ei omfattande rehabilitering. Under restaureringsarbeida på 1920-talet vart det oppdaga ei kristen grav under ein av midtromsstavane, noko som tyder på at området kan ha vore ein kyrkjested før stavkyrkja vart bygd.

Kyrkjegarden har vore ein viktig stad for lokalsamfunnet, og tradisjonen har vore at nye graver vert lagde der det tilleggare har vore graver. Dette har skapt ein kontinuitet i minnet om dei avdøde. I 1894 vart det påpeika at kyrkjegarden var låg og utilfredsstillande, noko som ført til at ein byrja arbeidet med å lage eit kart over gravene i 1898.

Etter kvart som folketalet vokser, vart det nødvendig med fleire utvidingar av kyrkjegarden. Den første utvidinga var i 1867, og i 1923 vart det kjøpt 950 m<sup>2</sup> jord for ytterlegare utviding frå nabogarden Presthegge. Arbeidet med å førebu den nye delen var utfordrande, men vart fullført i 1926. I 1976 vart det igjen kjøpt meir jord for å gje plass til 150 nye graver. Denne gongen var det Knut S. Hegge som stod for arbeidet, og han fekk betalt 6000 kroner for jobben.

Den siste tilveksten på kyrkjegarden er ein namna minnelund. Denne står på sida av kyrkja og er eit alternativ til dei som ønsker ei anna form for grav. Det er ein aukande etterspurnad etter dette.

Kyrkjegarden er også kjend for sine vakre gravsteinar, mange av dei med intrikate utskjæringer og inskripsjonar som fortel historier om dei som kviler der. Lokale tradisjonar knytt til gravlegging og minneseremoniar har blitt vidare-

ført gjennom generasjonar, og mange innbyggjarar har personlege minne knytt til staden. For eksempel hugsar ei eldre dame korleis ho som barn pleide å besøke besteforeldra si grav, der ho la ned blomster og delte sine tankar.

Hegge kyrkjegard er ikkje berre ein kvi-lestad, men også eit symbol på den respekta fellesskapet har for fortida. Kvar grav fortel si eiga historie, og området er ein stad for ettertanke og minne, der lokalsamfunnet kan samlast for å heidre dei som har gått føre oss. Med si rike historie og personlege band, held Hegge kyrkjegard fram med å vere ein viktig del av identiteten til lokalsamfunnet.

Mesteparten av informasjonen i denne artikkelen er henta frå Solveig Sandberg sin artikkel om kyrkjegarden på Hegge i boka som vart gitt ut i samband med 800-årsjubileet til Hegge stavkyrkje. Boka kan framleis kjøpast frå Hegge sokneråd.



## Kulturminne i Øystre Slidre

Av: SOLVEIG SANDBERG



### DALE MØLLE

Dale Mølle attmed Dalsfossen kom i bruk rundt 1892. Kvernhuset brann ned etter får år, men vart raskt bygd opp att. Huset som står i dag, vart bygd i 1930. Mølla var i bruk så lenge det var sledeføre. Vatnet kom frå ein demning ovanfor bruа og fylgte trerenna ned på kvernallane. Det var tre kvernallar, to kverner hadde kvar sin, og den tredje drog tørka. Tørka var ei stor panne med vedfyring under og med ei jernstong i botnen som gjekk rundt så det ikkje skulle bli for varmt for kornet. I 1939 vart det også spissemaskin. Den slo av skalet på kornet som skulle malast til mjøl.

Mølla var i bruk som bygdemølle fram til 1958. Olav K. Dahle (1908 – 1997) var siste møllaren. Under krigen vart det male illegalt mjøl her for store delar av bygda. I kalde vintrar heldt denne mølla det gåande, i motsetning til Nedrefoss mølle der isnåler frå elva la seg i silen i turbinrøyra. Difor vart det ofte til at bønder frå store delar av kommunen drog til Dale med melden. Øystre Slidre Historielag med Gudbrand A. Skattebo (1922 – 2010) i brodden, restaurerte mølla i 1990-åra.



Dale mølle. Foto utlånt av Svein Harald Hegge

### DÅP

HEGGE STAVKYRKJE  
Emil Vang Austdal

LYSKAPELLET  
Tom Rogne-Brenden  
Hennie Tofte Rindal

### GRAVFERD

ROGNE KYRKJE  
Riina Raud Viken  
Sigrun Høgsnes  
Ingrid Marie Rudi

HEGGE STAVKYRKJE  
Erik Torstein Gjerdalen  
Vidar Heggenes



### KYRKJELEGE HANDLINGAR OKTOBER 2024

### VIGSEL

LYSKAPELLET  
Kristin Hansen og Kjell Nordstrøm  
Thais Almeida Dos Santos og Simen Wiedswang

# VELKOMEN TIL KYRKJE!

## Desember

15 12 2024 Hegge kyrkje kl. 19.30

Vi syng jula inn ved sokneprest Eli Vatn og konfirmantane

20 12 2024 Skulegudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

Lidar kyrkje kl. 08.30

Rogne kyrkje kl. 10.00

Volbu kyrkje kl. 11.30

22 12 2024 Lyskapellet kl. 11.00

Gudsteneste med dåp ved sokneprest Eli Vatn

22 12 2024 Ø.S. Helsetun kl. 13.30

Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

24 12 2024 Lidar kyrkje kl. 13.00

Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2024 Rogne kyrkje kl. 14.30

Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2024 Hegge stavkyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

25 12 2024 Hegge stavkyrkje kl. 12.00

Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2024 Volbu kyrkje kl. 19.30

Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

## Januar

12 01 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste og dåp. Utdeling 4-årsbok ved sokneprest Eli Vatn

12 01 2025 Rogne kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Utdeling 4-årsbok ved sokneprest Eli Vatn

25 01 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00

Kyrkjesskipet. Gudsteneste for 2-åringar med foreldre. Ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

26 01 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Utdeling 4-årsbok ved sokneprest Eli Vatn

## Februar

02 02 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

08 02 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00

Kyrkjesskipet. Gudsteneste for 2-åringar med foreldre ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

## FULLDISTRIBUSJON

09 02 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00

Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

16 02 2025 Hegge kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

## Mars

02 03 2025 Lyskapellet kl. 11.00

Gudsteneste og dåp ved sokneprest Eli Vatn

02 03 2025 Rogne kyrkjestogo kl. 19.30

Songgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

16 03 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00

Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

23 03 2025 Hegge stavkyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

## April

05 04 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00

Kyrkjesskipet. Gudsteneste for 2-åringar med foreldre. Ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

06 04 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn, utsending av konfirmantane til årets fasteaksjon Kirkens nødhjelp

## Konsertar:

### ØYSTRE SLIDRE KULTURSKULE:

10. desember i Rogne kyrkje kl. 18.00

### "JUL MED VALDRESMÅL... OG MEINING"

12. desember i Rogne kyrkje kl. 18.30

### VALDRES KAMMERKOR

12. desember i Lidar kyrkje kl. 19.30. Billetsal i døra

### JULEKONSERT MED RØYST

18. desember i Rogne kyrkje kl. 19.00. Gratis inngang.

### NYTTÅRSKONSERT I VOLBU KYRKJE

31. DESEMBER KL. 15.00

For 20 år sidan vart den første nyttårskonserten arrangert i Volbu kyrkje. Den gongen gikk lokale musikarar med kyrkjemusikar Magne Olav saman om å ha ein minnemarkeringskonsert etter Tsunamien som ramma så mange, også her i Valdres.

Sidan har konserten blitt ein årviss tradisjon til glede for både publikum og musikarar. Ei triveleg avslutning av året, der både amatørar, barn og profesjonelle musikarar har bidrige.

Det var eit sakin då konserten ikkje vart arrangert i fjor, så no er vi i gang igjen.

Fri inngang, men det er framleis mange som treng solidaritet, så det blir mogleg å gje ei gåve til SOS barnelandsbyar etter konserten.

Hjarteleg velkommen. - Volbu sokneråd.

## Babysong

i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00

21. januar, 11. februar, 4. mars, 25. mars og 8. april 2025 .

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

## Salmekveld

i Rogne kyrkjestogo kl.19.00.

16. desember, 20. januar, 10. februar, 3. mars, 24. mars, og 7. april 2025



## Juletrefest

Juletrefest på Tingvang sundag den 5. januar 2025 kl. 17.00

Det blir underhaldning, bevertning og gang rundt julestreet. Alle er hjarteleg velkomne.

Arr. Sokneråda og Øystre Slidre Røde kors Omsorg.



## Velkommen til utdeling av 4-årsbok!

Lidar kyrkje: 12. januar 2025 kl. 11.00

Rogne kyrkje: 12. januar 2025 kl. 13.00

Volbu kyrkje: 26. januar 2025 kl. 11.00

## Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

## Pusterom

i Volbu kyrkje måndag 9. desember. Felles meditasjons-stund frå kl. 18.30.

Sjå heimesida og avis Valdres.

## Årsmøte

Rogne: 27. februar 2025 kl. 19.00

Volbu: 16. mars 2025 etter messetid

Hegge: 23. mars 2025 etter messetid

Lidar: 6. mars 2025 kl. 19.00 på Lidar skule

## Basar i Rogne

13. mars 2025 kl. 19.00

Det er trøngt med økonomien i Rogne kyrkjestogo. Vi er ei gruppe som saman med soknerådet i Rogne vil prøve å gjera noko med det. Vil du vera med?

I mars vil det bli halde ein basar til inntekt for kyrkjestogo. Vi treng gevinstar til utlodning på basaren. Om de vil gje noko, kan de levere gevinstar på kyrkjekontoret på dagtid eller i kyrkjestogo når det er aktivitetar der.

Vi gler oss til god gamaldags basar!

v/ Basarkomiteen